

ÅRSMELDING

2023



BUL
ERVINGEN
BERGEN UNGDOMSLAG ERVINGEN

Innhald

1	1. Innleiing	3
2	2. Folkedans.....	3
3	a) Vaksne	3
4	b) Ungdom	5
5	c) Born	5
6	3. Folkemusikk	6
7	a) Audhilds.....	6
8	b) Juniorspelemannslaget	7
9	4. Song.....	8
10	a) Kor e' tonen.....	8
11	b) Kvedargruppa	9
12	5. Lagsstyret	9
13	6. Dugnad.....	10
14	7. Rådet.....	11
15	8. Samarbeid med andre	12
16	9. Eigedom.....	12
17	a) Lagshusa.....	12
18	b) Hytta.....	12
19	10. Fonds- og eigedomsstyret	13
20	11. Medlemstal.....	14
21	12. Kontor og tilsette.....	14
22	13. Heiderslagsfolk	14
23	14. Gåver, helsingar og minne.....	15
24	15. Oversikt over tillitsvalde.....	15
25	16. Lagsmøte, festar og egne tilskipingar	17
26	17. Utsendingar, representasjon og samarbeid	20

27 1. Innleiing

28 Endå eit år er over, og me ser tilbake på eit 2023 med mange ulike hendingar,
29 tilskipingar og møte. Etter ein fin oppstart av aktivitetar samla laget seg til årsmøte i
30 mars. Her vart mellom anna økonomien i laget eit tema, og lagsstyret, rådet og fonds- og
31 eigedomsstyret har i år hatt jamlege møte om økonomi.

32 Kontoret til Bul Ervingen har vorte flytta frå hjørnet på Fensal til midten av bygget, men
33 ligg framleis på bakkeplan, noko lagsstyret er særst nøgd med.

34 I løpet av vinteren har eit lag frå Bul Ervingen delteke i Kven veit, og Bul Ervingen har
35 vore synlege på årsmøta til Hordaland Ungdomslag og Noreg Ungdomslag.

36 På 17. mai var Gimle full av folk som åt og kosa seg. Medlemer frå Bule gjekk i
37 hovudprosjekten, Kor e' Tonen hadde konsert og det var folkedansframføring på
38 kvelden.

39 I juni skipa me til rebusløp og korgfest.

40 I løpet av sommaren var fleire deltakarar frå Bergen ungdomslag Ervingen å sjå under
41 kappleikar og andre stemne/festivalar.

42 I haust samarbeidde me med spelemannslaget Fjellbekken og Bygdedanslaget i Bjørgvin
43 om å skipa til Vestlandskappleiken. Tilskipinga vart halde i Gimle og vart ein stor
44 suksess. Fleire deltakarar frå Bule markerte seg her, i tillegg til at ei av satsingane våre,
45 Fordjupingsprosjekt for ungdom, fekk syna seg fram gjennom ein flott opningskonsert.
46 Samstundes skipa FolkOrg 100års-jubileet sitt i Grieghallen, og fleire medlemer frå Bul
47 Ervingen stod på scena der.

48 Gjennom året har hyttenemnda skipa til dugnader på hytta, slik at hytta vår er i god
49 stand og kjekk å bruka og leiga ut.

50 Me avslutta haustsemesteret med julelagsmøtet i desember. Her møtte deltakarar frå
51 alle særlege våre, og det vart ein fin kveld med graut, åresal, loddtrekking og
52 underhaldning.

53 Styret vil med dette takka alle instruktørar, spelemenn, tillitsvalde, tilsette og
54 dugnadsfolk for året 2023. De gjer ein fantastisk jobb for store og små i laget. Me vil òg
55 takka alle medlemer for at dei representerer laget vårt på ein god måte. Me håpar me får
56 eit supert 2024 saman.

57 2. Folkedans

58 a) Vaksne

59 Folkedanslaget har hatt 9 møte i 2023.

60 Faste øvingar

61 Måndagsringen har hatt øvingar i Fensal kvar måndag. Oppmøtet har vore noko
62 varierende. I snitt har det vore om lag åtte par på kvar øving.

63 Som i 2022, har me hatt ufo-dans tre kveldar i semesteret. Dette er uformelle
64 måndagsøvingar der både dansarar og musikarar er velkomne til å koma innom og
65 slenga seg med i dans og spel. Toradargruppa Litt tå kvart har spelt på alle ufo-dansane,
66 og i tillegg har både Hanøybekken toradarlag, nokre av dei faste
67 måndagsringsmusikarane samt andre musikarar i laget vore innom og spelt desse
68 kveldane.

69 Onsdagsringen øver kvar onsdag i Gimle. Oppmøtet var nokolunde stabilt i
70 vårsemesteret, og gjennom hausten var oppmøtet jamt over godt. Stort sett har det vore
71 mellom 10 og 20 dansarar på øvingane.

72 Me har hatt fem fellesøvingar med Audhilds for å verta betre kjende på tvers av særлага
73 og håpar å få til fleire slike øvingar framover.

74 Onsdagsringen deltok i 2023 i lagdans på landskappleiken, og me fekk med oss Audhilds
75 til å spela. Det var veldig kjekt, og parhallingen vår fekk fin poengsum og plassering midt
76 i laget.

77 Dansarar frå begge gruppene dansa på Festplassen 17. mai.

78 I august hadde me eit møte med representantar frå styret og instruktørar for å diskutera
79 folkedanstilbodet i laget. Det vart eit godt møte, der folkedanslaget fekk mange gode
80 innspel til det vidare arbeidet.

81 Folkedanslaget vil retta ei stor takk til alle instruktørar og musikarar som gjer det
82 mogleg for oss å driva dei ulike aktivitetane våre!

83 Festar, kurs og hytteturar

84 28. januar var det dans- og spelmaraton. Det var ein veldig kjekk kveld, med mange
85 musikarar og dansarar i sving.

86 17.-18. mars var Audhilds, kvedargruppa og onsdagsringen på hyttetur på Eidsholmen i
87 lag. Totalt 10-12 personar var med.

88 25. mars skipa styret, kvedargruppa og folkedanslaget i samarbeid til ein stordanskveld i
89 Gimle. Om lag 35 oppmøtte song seg gjennom mange og lange viser, og hadde ein veldig
90 triveleg kveld.

91 22.-23. april var det kurs i springleik frå Lom. Inga Myhr var instruktør, og Astrid Garmo
92 spelte. Dette kurset var eit samarbeid med Bygdedanslaget. 26 personar deltok.
93 Laurdagskvelden var det dansekveld der Astrid Garmo og Audhilds spelte. Mange av
94 kursdeltakarane var nok slitne, så oppmøtet var litt mindre enn ein hadde håpa på —
95 om lag 20 personar til saman.

96 8. september var det Kulturnatt i Bergen, og folkedanslaget arrangerte som vanleg ein
97 open dansekveld. Bergen juniorspelemannslag, Ingrid Standal Sørheim og Helge
98 Brøndbo

99 Plassen spelte, og koret Multa Paucis song til dans. Det var mange innom — både
100 lagsmedlemer og andre nyfikne bergensarar. God stemning!

101 29.-30. september var Audhilds, kvedargruppa og onsdagsringen på hyttetur på
102 Eidsholmen att. Det var ein veldig koseleg tur med 16 deltakarar.

103 10.-12. november hadde Ami Dregelid og Fredrik Lundberg dansekurs i Gimle. Om lag
104 20 deltakarar fekk læra mykje om korleis ein kan dansa betre både med kvarandre og
105 med musikken.

106 b) Ungdom

107 I 2023 har det ikkje vore aktivitet i ungdomsringen til Bule.

108 c) Born

109 Styreleiaren i barnelaget avsluttar året med mange gode minne og vonar at ungane og
110 dei andre vaksne i barnelaget har det sameleis.

111 Danseøvingane på måndagar er no godt organiserte gjennom bruk av
112 kommunikasjonsplattforma Spond, og dei føresette har blitt flinke til å bruka denne. Her
113 går det fint å halde oversikt over øvingar, tilskipingar, oppmøte osv. Fleire danseøvingar
114 har vore temabaserte, som juletefest, karnevalsøving, ute-øving, kakaøving og
115 lommelyktøving. Desse øvingane er fine høve til å samla alle dei tre gruppene våre for å
116 dansa og synga i lag. Instruktørane er engasjerte og planlegg godt for kvar sine grupper,
117 men også for kva barnelaget som heilskap kan få til. Eit resultat av det fekk me sjå på
118 julelagsmøtet, der alle saman framførte songdansen «Pisi satt og rodde seg».

119 Instruktørane dette året har vore Tora Fjeld og Martha Langholmen-Wichstrøm for
120 gruppe 1, Inga Myhr, Daniel Aarvik (fram til sumaren) og Magni Rosvold (frå hausten
121 av) for gruppe 2 og Gunn Inger Sture for gruppe 3. Ida Marie Rognsvåg er ein god hjelpar
122 som spelar for gruppe 1 og koordinerer spelemenn for alle gruppene. I år var det Irene
123 Bjørke, Johanna Mjeldheim, Johanna Seim, Ida Mikkonen, Hannah Moira Midtbø-Bruner,
124 Helge Brønnbo Plassen og Isak August Holmefjord som spelte for barnelaget.

125 Det er kjekt å sjå at gruppe 3 har utvikla seg til å verta ei stabil gruppe dette året, med
126 seks dansarar. Me har auka fokuset på å forma og støtta denne gruppa, sidan fråfallet
127 ofte aukar mot ungdomsalderen. Me har skipa til sosiale aktivitetar for dei, noko som
128 vart godt teke imot av jentene i gruppa, og me har lyst til å halda fram med det.

129 Hyttetur er den mest populære satsinga for barnelaget. På denne vert kapasiteten på
130 hytta nærast sprengd viss alle dei 25 barna som dansar, har lyst til å vera med. Det har
131 også vore stas for ungane å delta på Hordakappleiken og Vestlandskappleiken. Å besøkja

132 dei eldre på Domkirkehjemmet, som har vorte ein fast aktivitet to gongar i året for
133 barnelaget, er også noko både borna og bebruarane på Domkirkehjemmet set pris på. Me
134 har også etablert eit meir fast samarbeid med Hordamuseet, som inviterte barnelaget
135 både til sumartilskipinga «Gøy på landet» og til «Førjulsdagen» i år. Nytt av året var at
136 barnelaget var med på Damsgårdsdagane, der borna framførte folkedans, men også
137 inviterte publikum til fellesdans. Det vart eit fint høve til å syna fram folkedans i eit
138 nærmiljø.

139 Barnelaget vart også invitert til ein internasjonal folkedansfestival for born og unge i
140 Austerrike som var i juli. Invitasjonen kom diverre fyrst i slutten av april slik at me ikkje
141 rakk å få dette koordinert og organisert. Tilskipar vil difor gjerne invitera oss på nytt i
142 2024 dersom festivalen skal finna stad igjen. Styreleiar er i kontakt med tilskipar om
143 dette.

144 Ein stor takk går til heile foreldregruppa, som er ein flink, engasjert og omsorgsfull
145 dugnadsgjeng, og ikkje minst til Gro på kontoret som alltid stiller opp.

146 3. Folkemusikk

147 a) Audhilds

148 Gjennom 2023 har Audhilds spelemannslag halde fram med kjerneaktiviteten i særlaget
149 gjennom musikkøvingar, samt medverka med dansespel lokalt og på Landskappleiken i
150 Lom. Audhilds har også opplevd ein god auke i medlemer frå starten av haustsemesteret.

151 I 2023 vart særlagsstyret supplert med Johanna Seim som støtte til musikalsk leiar Irene
152 Bjørke. I samband med denne utviklinga byrja Audhilds å tilby tilleggsinstruksjon på
153 hardingfele for medlemer, noko som skal halda fram inn i 2024. Ei anna nyvinning frå
154 2023, er dansekveldar på Bergen Hovudbibliotek som vart halde 12. april og 25.
155 oktober, etter initiativ frå Robin Van de Walle og Johanna Seim. På desse tilskipingane
156 har Audhilds medverka med dansespel saman med andre lokale spelemannslag i Bergen
157 og kringliggjande distrikt.

158 Musikkøvingane våren 2023 vart i hovudsak vigde til slåttar som skulle nyttast på
159 Hordakappleiken på Voss og på Landskappleiken i Lom, medan konsertaktivitet fekk ein
160 større plass på haustparten. I samband med FolkOrg sitt hundreårsjubileum og
161 Vestlandskappleiken i Bergen, som vart skipa til helga 14. og 15. oktober, var Audhilds
162 med på to ulike innslag saman med andre lag og utøvarar under jubileumskonserten i
163 Grieghallen. I tillegg var Audhilds medverkande på ein førjolskonsert 12. desember,
164 saman med Volve Vokal og Kirkevoll skolekor i ei fullsett Sandvikskyrkja. Her
165 presenterte me eit utval slåttar, og var med på to ulike fellesnummer med kora.

166 Saman med Onsdagsringen (folkedans) og Kvedargruppa fekk me til ein tur til lagshytta
167 i Fana 29.-30. september. Det var lagt opp til kurs, samt sosialt samvær for å fremja
168 fellesskap på tvers av særлага. Kurset for hardingfelespel vart halde av Øivind Vabø.

169 b) Juniorspelemannslaget

170 Aspirantjuniorspelmannslag

171 I 2023 hadde me samspelsøvingar for aspirantane i Juniorspelmannslaget, og på desse
172 har det vore mellom fem og åtte aspirantar kvar gong. På øvingane leika me med fela og
173 musikken, i tillegg til å spela slåttar — både ein- og fleirstemt.

174 I 2023 fekk alle aspirantane individuell undervising anten hjå Bergen Kulturskole eller
175 gjennom Bule.

176 Ida Marie Rognsvåg har hatt ansvar for samspelundervisinga i Gimle.

177 Borna har møtst omlag annakvar veke, og i tillegg til øvingar, har dei delteke på
178 konsertar saman med juniorspelemannslaget og på sjokoladekappleikar fleire stader på
179 Vestlandet. I oktober var aspirantane med på jubileumskonserten til FolkOrg i
180 Grieghallen.

181 Juniorspelmemannslaget

182 2023 har vore eit innhaldsrikt år for Bergen juniorspelemannslag. Av dei mange
183 høypunkta vil me særleg trekkja fram det å vera med i Verdastørste
184 juniorspelemannslag, der me fekk spela for Dronninga og ein fullsett Grieghall på den
185 store jubileumskonserten til FolkOrg i oktober. Å få opptre under avdukinga av Lars
186 Mossafinn-momumentet på Voss i juni, var også eit høgdepunkt. Etterpå vart dette eit
187 fint innslag på Dagsrevyen.

188 Status for laget:

189 Våren 2023 hadde laget 30 aktive medlemmer, og to medlemmer hadde permisjon. Hausten
190 2023 hadde laget 25 aktive medlemmer, og fire medlemmer hadde permisjon.

191 Fire instruktørar har fylgd opp laget dette året. I vårsemesteret var Maria Toppe, Ida
192 Marie Rognsvåg og Johanne Mjøs ansvarlege. Hausten 2023 kom Elna Føleide Selle att
193 frå permisjon, medan Maria Toppe gjekk ut i foreldrepermisjon i oktober.

194 Laget har dette året vore delt inn i fire grupper etter nivå. Øvingstidene har vore frå kl.
195 18 til 20 eller 20.15 på måndagar. Til saman har det vore gjennomført 20 øvingar i 2023,
196 11 i vårsemesteret og ni haustsemesteret. På nokre av desse øvingane har også
197 aspirantane vore med. I tillegg vart det halde eit oppstartseminar for laget i 26. august.

198

199 Tilskippingar der laget har delteke i 2023

200 Våren 2023:

201 18. februar: Hordakappleik på Voss i klassen lagspel junior

202 19. februar: Familiefolkedans

- 203 22.-23.april: Kurshelg på Eidsholmen med instruktørane Lajla Renate Buer Storli,
204 Hallgrim Skjerdal, Ingvild K. Vevle og Helga Revheim
- 205 10. juni: Øving på Voss med Verdas største juniorspelemannslag, samt framføring i høve
206 avduking av Lars Mossafinn-monumentet
- 207 21.-25.juni: Landskappleiken i klassen lagspel junior
- 208
- 209 Hausten 2023:
- 210 8.september: Laget deltok med dansespel på Kulturnatta
- 211 13.-14. oktober: Vestlandskappleiken i klassen lagspel junior
- 212 14.oktober: Jubileumskonsert (FolkOrg) i Grieghallen med Verdas største
213 juniorspelemannslag
- 214 12.november: Familiefolkedans
- 215 4. desember: Julelagsmøtet
- 216 I tillegg har fleire av medlemene i laget vore med på ulike kurs, t.d. UngLåt i Førde,
217 Juniorssamling på Osterøy, UngOsa på Voss og fordjupingsprosjekt for ungdom.

218 4. Song

219 a) Kor e' tonen

- 220 2023 starta vårsemesteret med øving 9. januar. Koret starta haustemesteret 14. august.
221 Kvart semester hadde, som vanleg, to øvingshelger med øvingar fredag kveld og laurdag.
- 222 Øvingsaktivitet i 2023 gjekk som planlagd, men med noko fråvær gjennom året.
- 223 Haustsemesteret 2023 hadde koret vikardirigent. Emil Kristoffersen Børø vikarierte for
224 Thea Meidell Sjule frå august til jul. Det var ei god oppleving for koret.
- 225 Hendingar og tilskipingar:
- 226 18. februar vart det halde ein sosial kormiddag på Naboen Pub og Restaurant.
- 227 3. april inviterte sosialkomiteen til eit lite påsketreff heime hjå ein medlem.
228 Allsongfaktoren var høg.
- 229 5. -7. mai var koret på tur til Oslo. Der møtte me oslokoret Retro Singers som me hadde
230 konsert saman med.
- 231 17. mai song koret på nynorskgudstenesta i Domkirken om morgonen. Dette var eit
232 betalt oppdrag. Etterpå gjekk koret vidare til i Domkirkehjemmet og song — som eit
233 velgjerdsoppdrag. Dette var ei triveleg stund for både publikummarar og koristar. Koret

234 har sikra seg oppdraget på nynorskgudstenesta også i 2024 og vil likeins tilby å halda eit
235 liknande velgjerdsoppdrag på Domkirkehjemmet som sist.

236 10. juni heldt koret vårkonsert i Fana kulturhus. Koret var nøgd med oppmøtet på om
237 lag 50 betalande publikummarar.

238 17. september var koret med på Haustkonsertane til Korforbundet, og fekk synge i Peer
239 Gynt-salen i Grieghallen saman med ei rekkje andre kor. Koret fekk gode
240 tilbakemeldingar.

241 25. oktober var koret invitert på KorCafé i kultursalen på Vestkanten Storsenter. Det var
242 Loddefjord Sangforening som inviterte.

243 4. november var heile koret invitert til Halloween-fest hjå ein av koristane.

244 10. desember heldt koret den tradisjonelle julekonserten sin i Nykirken. Oppmøtet var
245 svært godt, og det var om lag 200 betalande publikummarar til stades.
246 Tilbakemeldingane var også svært gode.

247 11. desember hadde koret julekonsert på Domkirkehjemmet som velgjerdsoppdrag.
248 Etter ynskje frå vertskapet fekk dei ein nær komplett reprise av konserten frå Nykirken
249 dagen før. Denne vart teken godt imot, og me gler oss allereie til neste gong.

250 Medlemsmasse:

251 Det kjem jamleg førespurnader om prøvesynging og opptak til koret. Korkje i januar
252 eller august 2023 vart det lyst ut opptak, men fleire mannlege interessantar som hadde
253 teke kontakt, fekk prøvesynge og tilbod om plass i koret. Koret avslutta 2023 med 57
254 medlemmer, medlemmer i permisjon rekna med. Koret vil normalt ha omlag 10% av
255 medlemsmassen i permisjon (fem til sju personar av til saman rundt 60).

256 b) Kvedargruppa

257 Kvedargruppa har vore med på fleire små oppdrag i året som har gått. Mellom anna har
258 gruppa fått vera ein del av underhaldninga ved to ulike høve på biblioteket og vore med
259 å skipa stordans på Stordanskvelden.

260 Hytteturar saman med Audhilds og Onsdagsringen har vore veldig kjekt å vera med på.

261 Medlemstalet i Kvedargruppa ligg stabilt på mellom 7-9 medlemmar.

262 Godt oppmøte på øvingane.

263 5. Lagsstyret

264 Lagsstyret har etter årsmøtet i februar vore samansett av Renathe Nilsen, Live Havro
265 Bjørnstad, Dag Inge Bøe og Marit Kvamen. Marit Kvamen har vore leiar. Sidan styret har
266 mangla ein person, har ein gjennom heile året fått god hjelp frå varaane Irene Bjørke,
267 Inga Myhr og Johanna Mjeldheim.

268 Lagsstyret har hatt ni styremøte og handsama 75 saker i løpet av året. I tillegg har
269 representantar frå styret vore med på møte med Rådet og Fonds- og eigedomsstyret om
270 økonomien og organiseringa av laget.

271 Både i vår og i haust vart det skipa til samrådsmøte. Også her har økonomien i laget
272 vore tema, og særlega har fått sterke oppmodingar om å prøva å gå i null eller med
273 overskot.

274 Lagsstyret har gjennomført årsmøte, Kven veit-tevling, 17. mai-feiring, rebusløp og
275 julelagsmøte.

276 Kvar veke har informasjon frå laget til medlemene vorte send ut gjennom
277 nyhendebrevet «Bodstikka». Informasjon om laget sine aktivitetar og hendingar har òg
278 vorte publisert på nettsida www.bergen.ungdomslag.no.

279 Laget nyttar elles Facebook og Instagram (brukarnamn: «bergen_ungdomslag_ervingen»
280 og #bulervingen) til å visa fram aktiviteten i laget, blesta komande hendingar og
281 kommunisera med medlemmer. Nokre særslag har eigne sider på Facebook. Viktig
282 informasjon frå desse sidene vert delt på hovudsida til laget.

283 6. Dugnad

284 I 2023 har me vist at dugnadsånda framleis står sterkt i laget. Det har vorte lagt ned
285 mange arbeidstimar i særlega, og lags- og eigedomsstyra med nemnder.

286

287 I 2023 vart det gjennomført dugnad ved mange høve:

288 - Dans og spel maraton i januar

289 - 17. mai i Gimle vart skipa til på tradisjonelt vis. Alle kaker til kafeen vart bakte på
290 dugnad. Dugnadsfok stilte opp både som faneberarar og til førebuing og gjennomføring
291 av 17.mai-kaféen. Koret song på nynorsk gudstenesta i domkyrkja og på
292 Domkirkehjemmet. Folkedanselaget hadde framsyning på Festplassen

293 - Det har vore gjort svært mykje bra dugnad på hytta på Eidsholmen i år, med to heile
294 dugnadshelger der hyttenemnda og andre lagsmedlemmer, fekk gjort mykje viktig arbeid.

295 - I samband med Vestlandskappleiken 2023, som vart gjennomført i Gimle, la mange
296 lagsmedlemmer ned ein stor dugnadsinnsats. Denne gjekk ut på drift av kafé,
297 stemnekontor, konferansieroppdrag og diverse oppgåver i høve gjennomføringa av
298 kappleiksaktivitet og øving på Christi Krybbe skoler.

299 - Rebusløp kunne gjennomførast etter vanlig standard etter nokre år med alternative
300 løysingar

301 - Kulturnatta 8. september

- 302 - Dansekurs i november
- 303 - Fleire familiefolkedanskveldar gjennom året
- 304 - Bule-medlemer har også stilt opp på dugnad for å hjelpa til med rydding og låsing av
305 Gimle i samband med utleige til tilskipingar
- 306 -Julelagsmøtet vart gjennomført på tradisjonelt vis. Det vart gjort dugnad med åresal, og
307 det kom inn mange premier til dette. Det vart også gjort mykje dugnad med å få
308 juletreeet på plass, samt å få pynta treet. I tillegg kom vanlig rigg av bord og stolar,
309 pynting og oppdekking, samt førebuing og gjennomføring på kjøkkenet med påfølgjande
310 servering.
- 311 - Folkedanslaget hadde framsyning på dansens dag i april
- 312 - Koret har hatt framsyning ved fleire høve utanom vanlig konsertverksemd, mellom
313 anna på Domkirkehjemmet 17. mai.
- 314 - Medlemslotteriet gav laget også i 2023 grei inntekt. Om lag 60% av loddbøkene vart
315 selde.

316 7. Rådet

- 317 Rådet har handsama årsmøtesaker i forkant av årsmøtet.
- 318 Rådet har vore med å utarbeiding av nye leigeavtalar i Gimle og Fensal, eit arbeid som
319 vart ferdigstilt i 2023.
- 320 Saka om laget si rekneskap- og revisjonsplikt er også avslutta. Laget er
321 rekneskapspliktig, men ikkje revisjonspliktig.
- 322 Årsmøtet 2023 bestemte at lagsstyret, rådet og Fonds- og eignedomsstyret saman skulle
323 arbeida for ei sunn økonomisk utvikling i laget. Gjennom fleire fellesmøte har ein
324 diskutert kva som er mogleg å få til med dagens situasjon, ved å sjå på lagsøkonomien og
325 korleis organisasjonen er strukturert. Ein har òg sett på korleis andre ungdomslag og
326 frivillige organisasjonar er bygd opp. Ved utgangen av 2023 arbeider ein vidare med å
327 oppdatera organiseringa av aksjeselskapa, då det ikkje lengre er nødvendig med
328 konsernstruktur.
- 329 Rådet har i 2023 hatt fylgjande møteaktivitet:
- 330 18.jan (m/F&E og lagsstyret), 21.feb (m/leiar i lagsstyret), 28.mars (m/F&E og
331 lagsstyret),
- 332 25.mai (m/F&E og lagsstyret), 5.sept(m/F&E og lagsstyret) og 23.okt(m/F&E og
333 lagsstyret)

334

8. Samarbeid med andre

335 Fordjupingsprosjekt for ungdom: I løpet av 2023 har Bergen ungdomslag Ervingen,
336 saman med Bergen Kulturskule starta eit fordjupingsprosjekt for ungdommar i fylket
337 som driv med folkemusikk og -dans. Med på samarbeidet er også Osterøy kulturskule,
338 Ole Bull Akademiet, Sunnfjord kulturskule og Voss kulturskule. Her har ungdommar frå
339 laget vårt vore med. Prosjektet har hatt fleire samlingar, mellom anna på hytta på
340 Eidsholmen. Prosjektet held fram i 2024.

341 Bergen ungdomslag Ervingen vart kontakta av Hordaland Folkemusikklag i starten av
342 juni 2022. FolkOrg skulle ha ei stor jubileumshelg i Bergen i oktober, og HFL lurte på om
343 me kunne skipa til kappleik samstundes. Bergen ungdomslag Ervingen tok då kontakt
344 med spelemannslaget Fjellbekken og Bygdedanslaget i Bjørgvin, to lag me alt
345 samarbeider godt med. Begge laga var innstilte på å vera med på å skipa til kappleik, og
346 det vart laga ei nemnd med medlemmer frå alle tre laga.

347 I løpet av hausten 2022, samt gjennom i heile 2023, har nemnda arbeidd med
348 kappleiken. Bergen ungdomslag Ervingen har òg medverka med noko
349 administrasjonshjelp gjennom dagleg leiar Gro Vetås, og hovudstyret har gjennom heile
350 prosessen vore informert om framgangen i planlegginga. 13. og 14. oktober 2023 gjekk
351 Vestlandskappleiken av stabelen i Gimle. Tilskipinga hadde sprengt påmelding og vart
352 ein stor suksess, mykje takka vere gode dugnadsfolk frå dei tre laga.

353

9. Eigedom

354

a) Lagshusa

355 Nær alle aktivitetar og øvingar i laget går føre seg i Gimle. Måndagsringen øver i Fensal.
356 Størsteparten av Fensal er leigd ut til Bergen internasjonale kultursenter (BIKS) via
357 Bergen kommune. Idrettslaget Gular, Bjørgvin husflidslag, Norges Kvinne- og
358 familieforbund og Det felles innvandrarrådet i Hordaland held også til i huset.

359 Laget flytta våren 2023 kontoret sitt inn i nyoppussa lokale på gateplan i Fensal.

360

b) Hytta

361 Nemnda har hatt fire møte i perioden, dei fleste i samband med dugnadene.

362 Det har vore eit godt år for utleige av hytta.

363 Nemnda har fokusert på vedlikehald i form av tiltak som kan auka trivsel og minska
364 hvervksliknande skadar.

365 Det er leigd inn glasmeisterfirma til å skifta punkterte/øydelaude vindaue og
366 naudutgangsdør, samt elektrikar for å oppgradera armatur og lysbrytarar i kjellaren, og
367 til kontroll av brannalarmanlegget i samband med branntilsyn.

368 **Dugnader på hytta:**

369 18. -19. februar, sju deltakarar.

370 Retta opp stor bul i botn på eine kanoen og forsterka dei to andre. Diskuterte betre
371 opplagsplass for kanoane. Bygde stativ for redningsbøye nær stranda. Reinska
372 skråninga mot vatnet for skjemmaende buskas.

373 11.-12. mai, åtte deltakarar.

374 Det vart m.a. fuga rundt flisene på kjellargolvet og bygd opplagsstativ for kanoane på
375 veggen under kjøkenvindauga på vestsida. Full nedvask.

376 4. - 5. november, åtte deltakarar.

377 Starta omkopling av taklysa i storsalen og monterte støvsugarstativ i soveromsfløya, 2.
378 høgda. Støypte tilsetting rundt kjellardør. Arrangerte opning for gardiner mellom sofa og
379 vindaue i peisestova. Malte over avskrapingar i soveromstak, -vegger og køyer. Vaska
380 og malte tre strok på nordveggen i storsalen.

381 **10. Fonds- og egedomsstyret**

382 Styret har hatt ni elektroniske møte i 2023, og to elektroniske samarbeidsmøte med
383 styra for Ervingen Kulturhus AS og Ervingen Lagsbruk AS.

384 Gjennom året har Fonds- og egedomsstyret hatt fleire samarbeidsmøte med Lagsstyret
385 og Rådet. Utgangspunktet for dette var ein krevjande økonomisk situasjon for laget.
386 Overføring frå selskapa vart mindre då hotelldrifta i si tid vart lagt ned. Samstundes har
387 kostnadene auka, mellom anna som fylgje av auka husleige. Dette har før til at Fonds- og
388 egedomsstyret i aukande grad har måtta bruka oppsparte midlar for å få
389 lagsøkonomien til å gå rundt. I samarbeidsmøta har me drøfta tiltak for å koma ut av
390 denne knipa. Fonds- og egedomsstyret si rolle har vore å sjå på kva tiltak ein kan treffa
391 som kan gagna selskapa.

392 Medlemer i fonds- og egedomsstyret har dei siste seks åra vorte valde inn i styret for
393 Ervingen Lagsbruk AS, som er morselskapet for forretningsdrifta. Det har gjeve oss høve
394 til å fylgja opp forretningsdrifta der. Tidlegare brukte ein møta i Fonds- og
395 egedomsstyret til dette.

396 Ervingen Lagsbruk AS har liten aktivitet utover å vera morselskap. I løpet av dei siste åra
397 er likvide midlar i selskapet investert i fond og aksjar etter same profil som midlane
398 Fonds- og eigedomsstyret rår over.

399 Ervingen Kulturhus har i 2023 hatt ein krevjande driftssituasjon, då dagleg leiar har
400 vore langtidssjukemeldt mesteparten av året. Styret har stilt opp ekstra, og det har vore
401 fleire vikarar. Frå oktober har dei hatt vikar på fulltid. I sommar heldt dei stengt.

402 I Fensal har arbeidet med nytt lagskontor vorte fullført, og det er signert leigekontrakt
403 på hjørnekontor og kjellarlokala. Midthordland Krets av kvinne og familieforbundet sa
404 opp etter mange, gode år. Ein ny fast leigetakar har kome inn i staden, så no er Fensal
405 fullt utleigd.

406 I Gimle har det jamt over vore god aktivitet og utleige. Utfordringa er framleis å fylla opp
407 lokala på dagtid. Golva i 2. og 3. høgde har vorte slipt og olja. Alle helgevakter i 2023 vart
408 dekt og «Vener av kulturhusa» gjorde ein framifrå innsats. Kulturhus vonar å få til det
409 same i 2024 – her er plass til alle som vil hjelpa oss.

410 11. Medlemstal

411 31.12.22:

412 Born (under 14 år): 48

413 Ungdom (14-26 år): 15

414 Vaksne (over 26 år): 174

415 Til saman: 237

416

417 31.12.23:

418 Born (under 14 år): 50

419 Ungdom (14-26 år): 23

420 Vaksne (over 26 år): 179

421 Til saman: 250

422 12. Kontor og tilsette

423 I 2023 har Gro Vetås vore tilsett som dagleg leiar i 100% stilling. Cirrus Rekneskap har
424 ført rekneskapen for laget.

425 På kontoret i Fensal har Hordaland Mållag og Bergen Kulturforum leigd kontorplassar
426 heile året. 2clean NKI AS har stått for reinhald av kontor- og møtelokalet i Fensal.

427 13. Heiderslagsfolk

428 Dagrunn Berntsen

429 Kårmund Myklebost

430 **14. Gåver, helsingar og minne**

431 Gåve til instruktørar og spelmenn, blomehelsingar/gåve til medlemmer,
432 heiderslagsmedlemer, tillitsvalde og tilsette ved passande høve.

433 **15. Oversikt over tillitsvalde**

Lagsstyret

Leiar	Marit Kvamen
Medlem	Live Havro Bjørnstad
Medlem	Dag Inge Bøe
Medlem	Renathe Nilsen
Medlem	
Varamedlem	Irene Bjørke
Varamedlem	Inga Myhr
Varamedlem	Johanna Mjeldheim

Rådet

Leiar	Borghild Opdahl
Medlem	Gunn Inger Sture
Medlem	Brit Sørland
Medlem	Stig Indrebø
Medlem	Grete Oline Hole
Varamedlem	Hans Nyeggen
Varamedlem	Sverre Sundvor

434

435

Fonds- og eigedomsstyret

Leiar	Arnvid Underlid
Medlem	Frode Myhra
Medlem	Bjørn Feltens
Medlem	Knut Arne Vedå
Medlem	Vegard Opheim

Folkedanslaget	
Leiar	Gunn Inger Sture
Medlem	Stig Indrebø
Medlem	Steinar Rognsvåg
Medlem	Line Alvheim Åse
Medlem	Sindre Vatnehol
Barnelaget	
Leiar	Karin Møssler
Medlem	Heine Bugge
Medlem	Yvonne Dahl
Koret	
Leiar	Dag Inge Bøe
Medlem	Julian Merlin Ertel
Medlem	Kristin Lygre
Vara	Rolf Arild Topphol
Vara	Sigrid Vinje-Christensen
Jr.laget	
Leiar	Vigdis Berg
Medlem	Therese G. Eide
Medlem	Helga Revheim
Audhilda	
Leiar	Christian Bianchi Strømme
Medlem	Symre Taugbøl Bang
Medlem	Johanna Seim
Hyttenevnda	
Leiar	Stig Vaular
Medlem	Ingunn Skjelvan

Medlem	Hans Nyeggen
Ettersyn	
	Torbjørn Haukås
	Einar Heggland
Vara	Elin Sletbakk
Valnemnda	
Leiar	Borghild Opdahl
Medlem	Ida Marie Rognsvåg
Medlem	Einar Heggland
Medlem	Eli Randmo
Medlem	Ingunn Skjelvan

436

437 16. Lagsmøte, festar og eigne tilskipingar

Dato	Tilskiping	Omtale	Ansvarleg
16.01.23	Juletrefest		Barnelaget
18.01.23	Fellesmøte		Rådet, styret og fonds- og eigedomsstyret
28.01.23	Dans- og spelmaraton		Folkedanslaget
10.- 12.02.23	Hyttetur m/kurs	Tone Ingvaldsen var instruktør	Barnelaget
17.- 18.02.23	Øvingshelg		Koret
18.02.23	Kormiddag		Koret
18.- 19.02.23	Hyttedugnad	7 deltakarar	Hyttenemnda
19.02.23	Familiefolkedans	Gimle	Barnelaget, Jr.laget
20.02.23	Karneval		Barnelaget
21.02.23	Fellesmøte		Rådet, styret
08.03.23	Årsmøte, Bule	Gimle	Bule

14.03.23	Samrådsmøte		BulE
17.- 18.03.23	Hyttetur m/ kurs	12 deltakarar	Folkedanslaget, Audhilds og Kvedargruppa
19.03.23	Familiefolkedans		Barnelaget
25.03.23	Stordanskveld	Gimle	Styret, kvedargruppa og folkedanslaget
28.03.23	Fellesmøte		Rådet, styret og fonds- og eigedomsstyret
03.04.23	Påsketreff		Koret
11.-12.04. 2023	Hyttedugnad	Åtte deltakarar	Hyttenemnda
22.- 23.04.23	Hyttetur m/ kurs	Instruktørar var Lajla Storli, Hallgrim Skjerdal, Ingvild Vevle og Helga Revheim	Jr.laget
05.- .06.05.23	Øvingshelg		Koret
17.05.23	17. mai-kafe		Styret
25.05.23	Fellesmøte		Rådet, styret og fonds- og eigedomsstyret
10.06.23	Vårkonsert	Fana kulturhus	Koret
12.06.23	Rebusløp og sommaravslutting	Gimle	BulE
26.08.23	Seminar	Gimle	Jr.laget
05.09.23	Fellesmøte		Rådet, styret og fonds- og eigedomsstyret
15.- 17.09.23	Hyttetur m/ kurs	Inga Myhr og Tora P. Fjeld var instruktørar i dans og kveding	Barnelaget
29.- 30.09.23	Seminar	Gimle	Koret

29.- 30.09.23	Hyttetur m/kurs	16 deltakarar	Audhilds, folkedanslaget og kvedargruppa
23.10.23	Fellesmøte		Rådet, styret og fonds- og eigedomstyret
04.11.23	Halloweenfest		Koret
4.-5.11.23	Hyttedugnad	Åtte deltakarar	Hyttenemnda
10.- 12.11.23	Dansekurs	20 deltakarar. Ami Dregelid og Fredrik Lundberg instruerte og spelte.	Folke­danslaget
12.11.23	Familiefolke­dans		Barnelaget, Jr.laget
04.12.23	Julelagsmøte		Styret
10.12.23	Julekonsert	Koret heldt julekonsert i Nykirken. Omlag 200 betalande.	Koret
11.12.23	Julekonsert	Julekonsert i Domkirken	Koret

439 **17. Utsendingar, representasjon og samarbeid**

440 **Kven Veit?**

441 I 2023 var Bergen ungdomslag Ervingen med i spørjetevlinga Kven Veit? 2023

442

Dato	Tilskipping	Omtale	Kven
04.- 05.02.23	Fordjupingssamling, Osterøy	Fordjupingsprosjekt for ungdom, innan folkemusikk og folkedans. Samarbeid mellom BulE, Bergen Kulturskole, Osterøy Kultuskule, Voss kulturskule, Sunnfjord kultuskule og Ole Bull Akademiet	Utvalde ungdommar
18.02.23	Hordakappleik	Voss	Audhilds, Jr.laget
19.03.23	Årsmøte Hordaland Ungdomslag		Eli Randmo
22.- 23.04.23	Kurs i springleik	26 deltakarar. Inga Myhr instruerte og Astrid Garmo spelte	Folkedanslaget og Bygdedanslaget
22.04.23	Dansekveld	Gimle	Folkedanslaget
22.04.23	Klesbyttedag	Fensal	Styret, Bjørgvin Husflidslag
28.- 30.04.23	Landsmøte i Noregs Ungdomslag		Renathe Nilsen
05.-07- 05.23	Kortur	Koret reiste på tur til Oslo. Konsert saman med Retro Singers	Koret
17.05.23	Nynorsk gudsteneste	Koret song på nynorskgudsteneste i domkyrkja	Koret
17.05.23	Konsert	Koret song på Domkirkehjemmet	Koret

17.05.23	Framsyning	Folkedansframsyning på Festplassen, saman med Fjellbekken	Folkedanslaget
03.06.23	Damsgårdsdagane		Barnelaget
05.06.23	Framsyning	Barnelaget hadde framsyning på Domkirkehjemmet	Barnelaget
10.06.23	Verdas største juniorspelmannslag	Jr.laget var med på øving med verdas største juniorspelmannslag	Jr.laget, FolkOrg
10.06.23	Mossafinn-monumentet	Jr.laget var med å spelte under avdukinga av Mosafinn-monumentet	Jr.laget
10.-11.06.23	Fordjupingssamling, Voss	Fordjupingsprosjekt for ungdom, innan folkemusikk og folkedans. Samarbeid mellom Bule, Bergen Kulturskole, Osterøy Kulturskule, Voss kulturskule, Sunnfjord kulturskule og Ole Bull Akademiet	Utvalde ungdommar
21.-25.06.23	Landskappleiken	Lom	Folkedanslaget, Audhilds, Jr.laget
04.-07.07.23	UngLåt	Førde	Jr.laget
19.-20.23	Fordjupingssamling, Eidsholmen	Fordjupingsprosjekt for ungdom, innan folkemusikk og folkedans. Samarbeid mellom Bule, Bergen Kulturskole, Osterøy Kulturskule, Voss kulturskule, Sunnfjord kulturskule og Ole Bull Akademiet	Utvalde ungdommar

08.09.23	Kulturnatt	Bergen Juniorspelemannslag. Ingrid S. Sørheim og Helge Brøndbo Plassen spelte og koret Multa Paucis song til dans	Folkedanslaget
17.09.23	Haustkonsert	Korforbundet skipa til hauskonsert i Grieghallen, Koret deltok saman med ei rekkje andre kor	Koret
13.10.23	Fordjupingssamling og opningskonsert Vestlandskappleiken	Fordjupingsprosjekt for ungdom, innan folkemusikk og folkedans. Samarbeid mellom Bule, Bergen Kulturskole, Osterøy Kulturskule, Voss kulturskule, Sunnfjord kulturskule og Ole Bull Akademiet	Utvalde ungdommar
14.10.23	Jubileumskonsert FolkOrg / Verdas største juniorspelmannslag	Grieghallen	Audhilds, Jr.laget
20.- 28.10.23	Internasjonalveke		Folkedanslaget, Audhilds
25.10.23	KorCafe	Koret deltok på Loddefjord Sangforrening si tilskiping på Vestkanten Storsenter	Koret
25.10.23	Dansekveld på Hovudbiblioteket		Audhilds
27.- 29.10.23	Fordjupingssamling, Voss	Fordjupingsprosjekt for ungdom, innan folkemusikk og folkedans. Samarbeid mellom Bule, Bergen Kulturskole, Osterøy Kulturskule, Voss kulturskule, Sunnfjord kulturskule og Ole Bull Akademiet	Utvalde ungdommar

03.- 05.11.23	Juniorsamling	Haus, Osterøy	Jr.laget
03.- 04.11.23	Seminar	Gimle	Koret
19.11.23	Førjulsdag	Barnelaget hadde framsyning på Hordamuseet	Barnelaget
27.01.23	Framsyning	Barnelaget hadde framsyning på Domkirkehjemmet	Barnelaget
12.12.23	Julekonsert	Konsert i Sandviken kyrkje saman med Volve Vokal og Kirkevoll skolekor	Audhilds, Volve Vokal og Kirkevoll skolekor

443